

Os kyrkjeblad



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd | Nr. 2 | 2026 | 81. årgang



Nye høgder

Denne hausten vil eg prøve å komme meg opp i høgda litt oftare. Liafjellet er lett tilgjengeleg. Det er berre dørstokkmila som verker litt for lang. Men ein angrer aldri når ein fyrst har teke turen. Å koma seg opp på eit høgdedrag har dessutan den strålende bieffekten at ein får god utsikt. Derifrå ser ein gjerne klarare, etter å ha pusta litt i motbakkane. Nye høgder, nytt utsyn. Det får vera mitt "haustforsett" i år.

Før sommaren sto endeleg kyrkjegarden på Nore Neset ferdig. Dammen er borte, men nye grusveggar, friareal og område for urner og minnesmerke står klare. Kanskje eit lite turmål i seg sjølv?

Gjennom hausten er du òg invitert til konsertar og kulturopplevingar som kan gje ny utsikt, sjølv inne frå kyrkjerommet. Kva med å høyre Rikke Lina i Nore Neset i august, sjå det nybygde pipeorgelet i Storsalen i september eller oppleve taket lyfte seg når Kleive og Reiersrud vitjar Os kyrkje i november?

I kvardagen er det likevel fellesskapa - lunsjtreffet, babysongen, ungdomsklubben og, ikkje minst, gudstenestene - som utgjer det verkelege høgdepunktet. Men dørstokkmila må du forsere heilt sjølv. Så tør eg påstå at du sjeldan vil angre om du tek turen.

God haust, og god lesnad!



Sigurd Rotvik Tunestveit
Dagleg leiar, Os sokn
st575@kyrkja.no

Halvfullt
- eller
halvtomt?

Kva for ein person er du? Er du optimisten som ser eit halvfullt glas, eller pessimisten (eventuelt realisten....?) som ser eit halvtomt glas? Dette spørsmålet har eg stilt meg sjølv denne sommaren, ikkje av eksistensielle grunnar, men på grunn av eit idrettsarrangement. I skrivande stund er det ein semifinale, bronsefinalen og finalen att av årets verdsmeisterskap i fotball for herrar. Eg har vore frustrert over dømning (særleg i ein viss kvartfinale...), hydration breaks, meldinga om eit pauseshow på 30 minuttar i pausen i finalen, president Gianni Infantino og Argentinas vinnarmål mot Kapp Verde. Det har vore eit halvtomt glas der eg spør meg sjølv kvifor eg brukar tid på å følgja så nøye med på denne sporten (dette gjeld vel òg gjennom fotballsesongen både i Noreg og England... Så heile året, eigentleg).

Den som drikk av
det vatnet eg vil gje,
skal aldri meir tørsta.
For det vatnet eg
vil gje, blir til ei kjelde
i han med vatn
som bryt fram og
gjev evig liv.

Joh 4, 14

På den andre sida har det vore mange halvfulle glas: Mange gode fotballkampar, "underdog" Kapp Verde, idretts glede (treng du døme på "feelgood": sjå om att då Curaçao scora mot Tyskland!), Noregs innsats og ikkje minst: Fellesskap. Eg tenkjer då ikkje berre på fellesskapen vi har opplevd her i "Furet, vær-bitt" denne sommaren, med landslagets innsats i VM. Eg tenkjer på korleis VM samlar folk frå heile verda.

Fellesskap. Det er noko vi menneske treng. Men når sommaren 2026 er lagt godt bak oss, og minna om fellesskapet vi opplevde blir nettopp det: Minne. Då er det vår oppgåve å laga fellesskap for kvarandre. I kyrkja er vi med på å skapa fellesskap for alle aldrar gjennom babysong, barne- og ungdomsarbeid, seniortreff, språkkafé og, ikkje minst: Gudstenestene våre. Vi trur på ein Gud som har skapt oss til fellesskap med kvarandre og med Han. Vi trur at det fellesskapet ikkje handlar om halvfullt eller halvtomt glas, men om ein kjelde som aldri går tom.

Den som drikk av det vatnet eg vil gje, skal aldri meir tørsta. For det vatnet eg vil gje, blir til ei kjelde i han med vatn som bryt fram og gjev evig liv (Joh 4, 14).

Velkommen til fellesskapet i kyrkja og Tunet i haust!



Roar H. Evjedal
Sokneprest



Os kyrkjeblad

Os kyrkjeblad kjem ut tre gonger i året, og vert sendt som offentleg informasjon til alle heimar i Os.

Utgjevar
Os sokneråd
Postboks 209, 5202 Os

Soknerådsleiar
Tone Steinsund Hagevik
tonehagevik@gmail.com

Redaksjonsleiar
Sigurd Rotvik Tunestveit
st575@kyrkja.no

Abonnement
Bladpengar (frivillig) kr. 250/år
Bankgiro 3201 53 26354
Vipps 786791 | Merk betalinga "Bladpengar"
Kontakt oss for utanbygds abonnement (kr. 350/år)

Opningstid kontor
Øyro 49, 5200 Os
Måndag, tysdag og torsdag 10.00-14.00.

Kontakt oss
Tlf.: 56 57 24 00 | E-post: post.os@kyrkja.no



Framsida
Kapellan Jostein Enger leier friluftsgudsteneste i Smievågen 2. påskedag 2026. Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit

Trykk
ETN grafisk | Opplag 9474

Nettside
kyrkja.no/os-vestland

Vår grøne
kyrkjelyd



GLIMT FRÅ KYRKJELYDEN



↑ Insektshotell i produksjon på Skapingsdagane i juni (Foto: Josephine Nytræ)



↑ Både antrekk, nasjonalkjensle og arbeidsvilje på topp for ungdomsgjengen i 17.mai-kiosken utanfor Tunet



← Os-kontingenten av unge lovande på KRIK Arena-sommarleir i Grimstad. (Foto: Roar H. Evjedal)



→ 1. Os KFUK-KFUM feira tradisjon tru St. Georgsdag med friluftsgudsteneste i Ervikane i april (foto: Eirik von Essen Norheim)



← Tonje og Arne finn musikalske løysingar i friluft når speidarane skal ha utegudsteneste. (Foto: Eirik von Essen Norheim)



→ Eit stort publikum fekk ei stor oppleving då KOREdu framførte musikalen "Stå OPP" i april.



← Korleiarane Ingrid Hetlevik og Solfrid H. Hernes (med døtre og koristar Sara og Mari) fekk velfortent heider for innsatsen med KOREdu.



→ Kursleiar Dish med unge grafitti-kunstnarar under Skapingsdagane i juni (foto: Gro Helen B. Skjælaaen)



↓ Praten sit laust på språkkafeen i Tunet. Følg med for datoar utover hausten!



↑ Bli med i soknerådet, du òg! Då får du mellom anna stå i iskiosk, slik som Arild S. Jentoft, på kyrkjeaffien i Tunet...



← Kreative kreasjonar når vi feirar "Skaparverkets dag" på Messy church-gudsteneste i Nore Neset kyrkje (foto: Sylvi Lundgren)

Foto der ikkje anna er nemnt: Sigurd Rotvik Tunestveit

BARN OG FAMILIAR



BARNESAMLING

Alle born har rett til å få høyra om Jesus! Samtidig med gudstenestene i kyrkja inviterer vi til barnesamling i Tunet – borna si eiga gudsteneste. Her tenner vi lys, ber saman og får høyra om Jesus og andre forteljingar frå Bibelen. Gjennom lek, song og kreative aktivitetar får borna utforska og leva seg inn i bibelforteljingane på ein trygg og engasjerande måte.

Denne hausten er det sett opp barnesamlingar 13. og 20. september, 18. oktober, 15. november og 6. desember.

Det er ikkje nødvendig med påmelding – alle er hjarteleg velkomne! Vi har òg ei Spond-gruppe der vi sender ut invitasjonar til familiegudstenester og barnesamlingar.

Gruppekoden i Spond-appen er **FPQUZ**.



BABYSONG I TUNET

Babysong er som musikalsk tran for kropp, sinn og kjensler – ei unik oppleving som stimulerer både barnet og den vaksne. Gjennom song, rytme og nærleik blir det skapt augeblikk som styrkjer både utvikling og tilknytning.

Kultur gjev barnet eit godt grunnlag for læring og utvikling, samstundes som at banda mellom barn og forelder vert styrka. I tillegg skapast opne og inkluderande fellesskap der små og store kan oppleve glede, tryggleik og tilhørsele saman.

Babysong i Tunet foregår i Open barnehagetid på tysdagar. Kom innom og bli kjent med tilbodet og med andre foreldre!

SHUBADUBS

Kjenner du songen om dei tre trolla som bur på fjellet? Kanskje de også har møtt spøkelsa på loftet eller fiskane i havet? Og kven veit – kanskje ligg jungelen og ventar rett rundt neste sving?

På ShubaDubs blir det mykje song, rørsle, latter og moro! Vi syng om troll, spøkelse, fiskar og jungelturar, leitar etter sauer og lar Jesus styre båten. Gjennom kjende og kjære songar får borna utforske bibelforteljingar og ta del i songglede i eit trygt og inkluderande fellesskap.

Etter song og lek samlast vi rundt bordet, syng for maten og kosar oss med kveldsmat saman. Ta med heile familien og la 3 åringen skinne – vi gler oss til å skape gode opplevingar saman med dykk! ShubaDubs er organisert gjennom Søndagskulen. Medlemskontingenten er 50 kr.

Informasjon kjem via Spond-appen, gruppekode **FPQUZ**

KOREDU OG FESTIVAL

KOReDu er koret for sangglade 1.-7.klassingar. Vi øver i Tunet på torsdagar, og er ein stor og glad gjeng. Men det er plass til fleire! Kom og sjekk ut ei øving – kanskje du vil vere med på festival i haust?

Vi deltek på KFUK-KFUM sin korfestival i Landås kyrkje 24.-25. oktober 2026. Der skal vi ha det gøy med lek, sang, musikk, aktivitetar, kampkveld og globalaksjon for tweens, aktivitetsgrupper/seminar, felleskor, henteconcert og gudsteneste.

KOReDu gjer òg andre framføringar og spennande ting i lag utover hausten. **Følg med i Spond-gruppa (FPQUZ), eller kom på øving!**



SKULESTARTSGUDSTENESTE!

30.august i Nore Neset kyrkje klokka 11.00

Skal du byrje på skulen i haust? Kanskje gler du deg? Kanskje er du spent? Eller kanskje litt av begge delar?

Å starte på skulen er ei stor hending – og store hendingar fortener å bli feira! Difor inviterer vi til skulestartsgudsteneste i Nore Neset kyrkje. Skulestartsgudsteneste er for alle, men dei som startar i 1.klasse i haust, er spesielt inviterte.

Alle 1.-klassingane får si eiga 6-årsbok og eit aktivitetshäfte med heim.

Etter gudstenesta blir det kake/bakst for store og små.

Meld gjerne på innan 27. august på kyrkja.no/os, om mogleg.

Vi gler oss til å feire skulestarten saman med dykk!



UTDELING AV 4-ÅRSBOK

Er du, eller blir du fire år i løpet av 2026? Då er det din tur til å få di eiga 4-årsbok i kyrkja! I lag med boka får du òg eit aktivitetshäfte med mange kjekke oppgåver.

I 4-årsboka møter du mellom anna Bo og Nora, som skal døype bamsen til Bo. Nora er ikkje heilt sikker på om ho vil døype bamsen dersom han ikkje finn på eit betre namn enn «Kaninen»! Kva skjer vidare, tru? Resten av historia finndu i boka!

Utdeling kan du få med deg på desse gudstenestene:

Os kyrkje: søndag 13. september kl. 11.00 (Søndagsskulens dag)

Nore Neset kyrkje: søndag 27. september kl. 11.00 (Messy church)

Påmelding: www.kyrkja.no/os. Vi håpar akkurat du kjem! Dersom du ikkje kan kome desse dagane, kan du hente 4-årsboka og aktivitetshæftet på kyrkjekontoret.

SØNDAGSSKULENS DAG

13. SEPTEMBER!

Dette er ein dag med full rolle i Tunet! Etter at vi har feira gudsteneste i kyrkja, går vi saman til Tunet, der feiringa held fram med leikar, konkurransar, hoppepute og gode muffins til kyrkjekaffien.

I løpet av kyrkjekaffien kjem Gulliver ofte innom. Gulliver er ein stor gullfisk som elsker både å gi og få klemmar, og han er alltid populær blant dei minste. Her blir det aktivitetar og glede for barn i alle aldrar – vi håpar å sjå deg og familien din søndag 13. september!

OS FAMILIEKRIK

FamilieKRIK er eit lokallag i KRIK (Kristen Idrettskontakt), med aktive familiar som møtast om lag ein gong i månaden. Vi har plass til fleire og ønskjer alle familiar hjarteleg velkomne!

Vi møtest om lag éin søndag i månaden på Os Aktiv frå kl. 16.30 til 18.00. På samlingane leikar og spelar vi saman i hallen eller finn på aktivitetar ute. Etterpå samlast vi til litt å bite i og deler nokre ord om trua og livet.

Kvart år arrangerer vi også nokre større utflukter. Årets første er 4.-6. september på leirstaden Brandøy i Nord-Rogaland. Ta kontakt på osfamiliekrik@gmail.com om du vil vere med! I vinterhalvåret dreg vi ofte til Kvamskogen eller Hålandsdalen i lag. Dette er supre helgar for å bli betre kjent og ta del i eit kristent fellesskap for heile familien!

Vil du vite meir om kva vi held på med, kan du sjekke ut Facebook-sida vår (OS FamilieKRIK).

Haustens samlingar i Os aktiv finn du i kalenderen på midtsidene. Du er hjarteleg velkommen på FamilieKRIK-søndag med oss!



SPEIDARLEI-
ARAR HEIDRA

KFUK-KFUM speidarar har eit system for å vise takksemd for den store og viktige innsatsen frivillige leiarar legg ned i organisasjonen. Under markeringa av St. Georgsdagen i april stilte kretsleiar Torstein Frantzen opp i Ervikane for å heidre hele 5 leiarar i 1. Os KFUK -KFUM speidarar. Ingvild Hallesby Evjedal, Åshild Skaatun Hergum og Torbjørn Hergum vart tildelt heidersmerke for 10 års innsats. Alle tre har stått på som leiarar i 10 år utan avbrot. Samtlege har òg lang fartstid som speidarar i yngre år. I tillegg vart Jostein Døsen og Baard Brattebø tildelt 10-års heidersmerket for sin innsats i langt meir enn 10 år. Fyrst som leiarar for eigne søner, seinare som ressurspersonarar i gruppa. De har stilt opp som leiarar, instruktørar, materialforvaltarar og bidrege på leirar og turer.



F.v. Torstein Frantzen, Margrethe Holmboe Askeland, Jostein Døsen, Ingvild H. Evjedal og Åshild og Torbjørn Hergum. Baard Brattebø var ikkje til stades då biletet vart teke. Foto: Anne Line Bjånes

Vi er glade for alle som står på i speidaren, og ynskjer gjerne fleire velkommen i leiarfellesskapet vårt. Det einaste som krevst er at ein er glad i å vere ute saman med born og unge og kan framlegge gyldig politiattest. Resten lærar vi av kvare!

Tekst: Margrethe Holmboe Askeland



Ingvild Hallesby Evjedal

Du vart heidra for 10 års innsats som leiar i 1.Os Kfuk-Kfum speidere. Men du har vore speidar lenger enn det. Kan du seie litt om din speidaraktivitet før du startet som leiar hjå oss for 10 år sidan?

Eg vaks opp i speidaren her på Os, og var med frå barneskulen og heilt opp i vidaregåande. Det var ein plass som gav meg unike moglegheiter og gode vener. Ein fekk som speidar lov til å utvikle seg og verte utfordra til å lære nye ting i eit unikt og trygt miljø, i lag med ein stor dose fridom. Venskap, moro, leik, eventyr, meistring, kristent fellesskap, friluftsliv og samarbeid var viktige verdiar som gjorde at eg syntest speidaren var fantastisk.

Kva er motivasjonen din for å vera speidarleiar? Å vera ute i naturen og i friluft har heile vegen vore viktig for meg. Då vi fekk eigne ungar var det naturleg for oss at dei skulle få lov å prøve speidaren. Eg ynskja å engasjere meg på ein kristen arena for barn og unge, eg hadde lyst til å bidra. Som leiar i speidaren kunne eg gje tilbake noko av det eg sjølv hadde opplevd, og gje born og unge ei oppleving av speiding. Slik starta det heile, og så har eg vorte verande i miljøet. Vi har det knallkjekt i lag, både vaksne og dei unge. Det å få lov til å vere med å gje noko vidare til barn og unge i eit slikt miljø er unikt. Det er ein glede for meg og sjå korleis barn og unge opplev meistring og får opplevingar gjennom leik, eventyr i naturen, samarbeid og moro.

Etter at prostiprest Svante Havåg i vår kunngjorde at han ville gå av med pensjon til sommaren, fekk Os sokn høve til å lyse ut ei ny kapellanstilling. Lenge var det spenning knytt til kven denne nye kapellannen kunne vere, og endeleg takka Erlend Fauskanger ja. I august er han på plass, og vi tok ein prat for å bli betre kjent.



Hei, Erlend! Kan du fortelle litt om deg sjølv?
Mitt namn er Erlend Fauskanger. Eg er oppvaksnen på Stord med tre brør. Mamma er prest og Pappa er elektroinstallatør. Eg er forlova med Henny, og me giftar oss i oktober i Eikelandssosen. Presteutdanninga har eg frå NLA, der eg starta studiet i 2020, og vart ferdig nå i sommar. I tillegg har eg hatt eitt år som ungdomsprest på Askøy i 2023-2024.

Så flott! Her hjå oss vil du nok òg bli godt kjent med det store ungdomsarbeidet vårt. Har du elles noko erfaring frå kyrkjeliv tidlegare?
Ja, eg er oppvaksnen med å gå i kyrkja heime på Stord, og på bedehuset som ungdom. Som student har eg gått i Salem og St.Jakob i Bergen.

Kan du beskrive deg sjølv med tre ord?
Lattermild, positiv, ekte!

Er det noko du gler deg spesielt til i din nye jobb?
Eg gler meg rett og slett til å vera prest, med alt det inneber. Det blir spennande å bli kjent med kyrkjelyden, samarbeide med både tilsette og frivillige, og møte folk på Os. Eg gler meg og ser fram til å lære og vekse.

Kva liker du å gjere når du har fri?
På fritida tek eg gjerne ein runde frisbeegolf! Eller eg lesar, høyrer musikk og spelar piano. Og så er eg glad i å vera sosial og bruke tid saman med gode venner.

Velkommen i kyrkjelydsstaben, Erlend!

NMS GJENBRUK OS
MILJØ, MØTEPlass & MISJON

Her finn du det meste - til ein rimelig pris!
Velkommen til ein spennande butikk i
Irisgården, vis à vis Extra. Tlf. 40 44 54 21

Vi treng fleire medarbeidarar til eit hyggeleg arbeidsmiljø! Ta kontakt ved interesse!

MILJØ MØTEPlass MISJON

Følg oss på Facebook "NMS Gjenbruk Os"

Vil du bli medarbeidar i NMS Gjenbruk Os?

- Liker du å møte menneske?
- Har du nokre timar til overs kvar eller annan kvar veke?
- Ønskjer du å vera med i eit triveleg fellesskap?

Ta kontakt med
Eirik Norheim (97 19 19 21) eller
ein av medarbeidarane i butikken!


TILBAKEBLIKK



Det kjenst ut som at Klubben har heldt på ein evigheit. Eg fattar ikkje korleis dei har gått frå å knapt seie hei til andre, til å kome med dei mest reflekterte frasene. Nokon har fått skjegg. Trur dei i alle fall. Nokon har blitt døypt, nokon fortel om Bibelen under puta, og andre ikler seg med kors. Nokon seier dei har fått vener for livet her, mens eg trudde dei stod med bordtennisbordet for fyrste gong. Dei seier vi er som ein stor familie. Mange myser skeptisk mot Tunet når dei ser og høyrer om kva som skjer her. Eg skal ikkje lyge, – det hender eg myser skeptisk sjølve. Tunet er midt i sentrum, og det er ingen spøk når vi seier at plassen er for alle. Ein må kanskje oppleve det for å forstå kvifor, men Klubben kjem alltid til å vere verdt det.

Høgdepunkt

- Kvar Klubbfredag er eit høgdepunkt i seg sjølve
- Tjue ungdomar blei ungdomsleiarar for Klubben
- Leiartur til Fjon Fjellkyrkje
- Motortreff med omkring 120 ungdommar samla
- KyrkjeKlubb – ein time med ro og bønnevandring
- Dåpsseremoni for ungdom
- Intro-Klubben for 7.klassingar
- Over 50 betalande medlemmer i KFUK-KFUM Klubben
- Vi fekk 10 000 kr til opne møteplassar frå Fana Sparebank
- U-Frivillig fest for dei frivillige vaksne
- Medlemstur til Hilde og Gerhards hytte på Skjælaaen



FRAMPEIK

Datoer haust 26

21.aug, 4.sep, 18.sep, 2.okt,
16.okt, 30.okt, 13.nov, 11.des



Innskrenking av opne møteplassar på JoinUs

Frå hausten blir det opne ungdomsrommet på JoinUs kun for medlemmer i enten KFUK-KFUM JoinUs eller KFUK-KFUM Klubben. Ein av funksjonane til Klubben er å vere bru inn til storfellesskapet. Vi vil bevare Klubben som ein lågterskel-tilbod som er enkelt å kome til, og samtidig styrke JoinUs som eit forutsigbart tilbod prega av tilhørslse og struktur.



Klubben annakvar fredag
19:30–23:00

U-Lederkurs 26/27

U-Lederkurs-LEIR

Overnatting på Tunet

KyrkjeKlubb annakvar fredag
17:00–18:00

Instagram: @ungdomstunet
Facebook: /ungdomstunet
TikTok: @klubben.os

U-Lederkurs 26/27



Bli frivillig



Kalender og info

ungdomstunet.no



FELLESSKAP

SENIOR-KOINONIA

Koinonia tyder fellesskap, og det er fellesskapet i praten, måltidet, musikken og trua som står i sentrum for samværet når Senior-Koinonia samlast annakvar torsdag i Tunet.

Her er det plass til deg ved bordet uansett alder, bakgrunn og kjennskap, og med god takhøgde og plass til både humor og det djupe alvor. God mat, foredrag, song og musikk. Velkommen skal du vera!



PROGRAM HAUSTEN 2026:

Torsdag 10. september

"Gå ut i all verda". TENT- Ein annleis misjon
Misjonsleiar Steinar Opheim.
Song: Ellen og Ingunn

Torsdag 24. september

"Songen som aldri dør".
Tidl. rektor Oddvar Rotvik.

Torsdag 8. oktober

"Når eg ser din himmel" Salme 8
Evangelist Olav Eikemo
Song: Jan Tørres Nordstrand

Torsdag 22. oktober

"Den gode samtalen"
Familieterapeut Kristina Ekerhovd Ottersen
Song: Toril Myklebust Lie

Torsdag 5. november

"Noregs midtlivskrise
- kva har femti år med oljealder gjort med oss?"
Professor og teolog Bård Norheim
Song: Grethe Inger Berge


Torsdag 19. november

Romerbrevet frå A til Z.
Driftsleiar Torbjørn Øygard

Torsdag 3. desember

"Våre kristne høgtider og dei jødiske"
Redaktør Kurt Urhaug
Song: Ellen og Ingunn

TRENING OG HELSE I TUNET



"Storstovo" i Tunet fyllast av treningsmatter og drikkeflasker kvar onsdag frå september til mai. Fysioterapeut Bente Brøvig Strømme har i fleire år drive treningsgrupper i Tunet, og mange deltakarar blir med år etter år. Men det er ledige plassar på haustens grupper.

"Trim for Tunet" starta Bente opp før ho vart pensjonist. Desse treningsøktene skal være lystbetonte og gi allsidig trening for balanse, mobilitet, styrke og stabilitet. I tillegg er det ein sosial og triveleg møteplass. Bente sin faglege bakgrunn er òg frå psykomotorisk fysioterapi. I enkelte timar blir det gitt råd og innsikt i kvinnehelse og psykisk helse. Kropp og hovud heng som kjent saman! Slik blir det eit folkehelse-perspektiv på treningsgrup-pene, og dessutan "hjelp til sjølvhjelp" i kvardagen elles. Det meste av deltakarkontingenten går til Tunet, samt til prosjekt for utviklingshemma i andre land. Samlingane varar om lag 60 minutt og går vanlegvis føre seg i Storstovo (Storsalen), men om denne er utleigd takast Eldstova eller Spegelen i bruk.

Haustens onsdagstreningar startar opp onsdag 2. september. Det er nokre ledige plassar i gruppa som startar klokka 10. Gruppa klokka 11 er førebels full, men det er mogleg å sette seg på venteliste. PS! Ein må kunne koma seg ned og opp frå medbrakt treningsmatte.

Er du interessert? Kontakt kyrkjekontoret for påmelding!

KOM PÅ NMS SIN MISJONSBASAR I TUNET!

Det Norske Misjonsselskap (NMS) sine foreiningar i Os arrangerar Misjonsbasar i Tunet laurdag 24. oktober 2026 .

Det vert lynlotteri, åresalg og loddssalg på bok med mange fine gevinstar. I tillegg kan ein kjøpa vakre kort til ulike anledningar.

Andakt for store og små ved Kristina Ekerhovd-Ottersen, og det vil bli musikkinnslag frå scena. Servering av kaker, kaffi, te og saft, og med god tid til ein "drøs".

NMS driv omfattande globalt og lokalt arbeid. Det er tre hovudfokus: Å dela trua på Jesus, bekjempe urettferdighet og utrydda fattigdom. NMS jobbar for å fremma bærekraftig utvikling og grunnleggande menneskeverd.

Pengane som kjem inn på basaren, vil mellom anna gå til dette arbeidet.

Velkommen til basar i Tunet laurdag 24. oktober kl. 15.30!



Garden of Eden sin skule i Kibera-slummen er noko av det du får høyra meir om når Thomas og Beatrice Omolo besøker Nore Neset kyrkje 13. september.

MISJONSKVELD MED GARDEN OF EDEN

Os kyrkjelyd har i mange år støtta Beatrice og Thomas Omolo sitt arbeid i Kibera-slummen i Nairobi der dei driv kyrkje, skule og barneheim. Thomas og Beatrice har helt sidan 1991 drive arbeid blant fattige i Kenya. Etter kvart blei foreldreause barn i Kibera-slummen i Nairobi hovud-fokuset deira. I haust kjem Beatrice og Thomas igjen på besøk til Noreg, og eit av stoppa deira blir hjå oss. Dei vil vera med på ein misjonskveld i Nore Neset kyrkje søndag 13. september kl 18. Programmet for kvelden er ikkje heilt klart i skrivande stund, men følg med på nettsidene våre og på sosiale medier når det nærmar seg.



Roar H. Evjedal
Sokneprest



FORNYING PÅ NORE NESET

Mange har nok observert at det har vore anleggsarbeid på Nore Neset kyrkjegard siste året. Bakgrunnen for det er trong for fleire urnegraver og fleire graver til namna minnelund i Os sokn.

Det er for fleire år sidan utarbeidd plan for ei større utviding av gravplassen på Nore Neset i området bak kyrkja (sett frå Skeisflaten), men dette krev ei større investering og prosjektet må skyvast noko ut i tid.

For å møte behovet for fleire urnegravar vedtok styret for gravplassforvaltinga i Bjørnafjorden, Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, at området som før var ein dam med ei bru skulle omgjeras til ny urnelund. Dam-området har med tida ikkje vorte den utsmykkinga og fekk ikkje den



funksjonen som ein såg for seg da gravplassen på Nore Neset vart utvida samstundes som kyrkja vart bygd i 2000.

Det er Landskapsarkitektfirmaet Smedsvig som har prosjektert og teikna dette nye feltet, og Gravdal Hage og Anlegg som har vore utførande anleggsgartnar. Kommunen har løyvd 2,5 millionar kroner til prosjektet, noko som gir ein gjennomsnittleg kostnad på i overkant av kr. 12.000 per grav. Dette er gode tal samanlikna med den siste store utvidinga av gravplassar på Os-sida av Bjørnafjorden, Kuventræ gravplass. Her var kostnad per grav i overkant av kr. 20.000 i 2014-kroner. Denne utvidinga på Nore Neset er såleis ganske rimeleg for ein pressa kommuneøkonomi.

Kistegrav eller urnegrav ?

Går vi tilbake 20-25 år, så var tradisjonell gravlegging i kiste det vanlegaste. Gjennom dei siste 20 åra har det vore ei markant endring i kva gravform som vert brukt. No vel omkring 70% av osingane kremasjon, som er på nivå med det som er vanleg i byar som t.d. Bergen. Dette er ei utvikling som er positiv med tanke på arealutnytting og kostnader, då opparbeiding av urnegravplassar er ein del rimelegare enn kistegraver, og ein treng noko mindre areal.

Store delar av Nore Neset er anlagt for kistegraver og det er førebels nok ledige kistegraver for å dekke forventa etterspurnad dei næraste åra, men det vil venteleg vere behov for fleire urnegraver tidleg på 2030-talet.

Namna minnelund

I 2021/22 vart det etablert namna urnelund på Nore Neset kyrkjegard. Dette er framleis eit litt ukjent omgrep for mange. "Namna minnelund" er i prinsippet ei vanleg urnegrav, men i staden for eige gravminne på grava, er det eit felles gravminne der namnet på avlidne vert sett opp.

Ved minnesmerket er det høve til å sette ned blomar eller sette frå seg eit gravlys. Det er gravplassforvaltinga som syter for at det er velstelt rundt gravminnet. Difor er ei slik gravtype særleg tenleg for dei som ikkje har høve til å sjå ofte til grava ein har ansvar for.



Blomepynt ved felles minnesmerke på minnelunden.



Ny og praktisk vasspost til gravstell er på plass.

Både det nye urnefeltet og den namna minnelunden står no klar til bruk når det er trong for det. På Os-sida av Bjørnafjorden er det no etablert namna minnelund på Kuventræ gravplass og Nore Neset kyrkjegard. Gravplassforvaltinga har arbeidd med planar om namna minnelund ved Fusa kyrkje, men treng løyving til tiltaket slik at dei på fusingane òg kan få eit slikt alternativ på gravplassen.

Tekst og foto: Prosjektlear Gerhard A. Hansen og driftsleiar Kenneth Molland



DEN NORSKE KYRKJA
Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

Nettside

kyrkja.no/bjornafjorden

Kontakt

Tlf: 56 57 24 00

E-post: post.bjornafjorden@kyrkja.no

Fellesrådsleiar

Per Gunnar L. Oseng

E-post: perg43@hotmail.com

Kyrkjeverje

Jon Håkon Øen

Tlf: 91 83 66 28 | E-post: jo633@kyrkja.no

Napp ut og
heng opp!

Os kyrkjelyd Haustkalender

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	T ORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SUNDAG
17 august	18 Seniortreff Nore Neset	19 Sommarkonsert Nore Neset	20	21 KyrkjeKlubb Os kyrkje Klubben	22	23 Os 11
24 Speidaren	25 Open barnehage Babysong Tunet	26 Trim i Tunet JoinUs	27 SuperTorsdag Alphamiddag	28 KRIK Os Aktiv	29	30 Os 11 NN 11
31 Speidaren	1 Open barnehage Babysong Tunet Seniortreff Nore Neset september	2 Trim i Tunet Strikk til Tunet JoinUs	3 Alphakurs	4 Stillestund for ungdom Os kyrkje KRIK Os Aktiv Klubben	5	6 Os 10 + 11.15 NN forbønsgudsteneste 19
7 Speidaren	8 Open barnehage Babysong Tunet	9 Trim i Tunet Strikk til Tunet JoinUs	10 Senior-Koinonia SuperTorsdag	11 KRIK Os Aktiv	12	13 Os 11 Garden of Eden-kveld Nore Neset
14 Speidaren	15 Open barnehage Babysong Tunet Seniortreff Nore Neset	16 Trim i Tunet Strikk til Tunet JoinUs	17 Foredrag H. J. Sagrusten Nore Neset Alphakurs	18 KRIK Os Aktiv Klubben	19	20 Os 11 Aldri Åleine Pizza & Bibel
21 Speidaren	22 Open barnehage Babysong Tunet	23 Trim i Tunet Strikk til Tunet JoinUs	24 Senior-Koinonia SuperTorsdag KOReDu Tweens Jazzkonsert Baker Hansen	25 KRIK Os Aktiv	26	27 Os 10 + 11.15 NN 11 FamilieKRIK Os Aktiv
28 venneveko Speidaren	29 Open barnehage Seniortreff Nore Neset	30 Trim i Tunet Strikk til Tunet JoinUs	1 oktober Alphakurs	2 Stillestund for ungdom Os kyrkje KRIK Os Aktiv Klubben	3	4 Os 11 Søndagssamlingsgudsteneste
5 Haustferie i skulen	6	7	8 Senior-Koinonia	9	10	11 NN 11
12 Speidaren	13 Open barnehage Seniortreff Nore Neset	14 Trim i Tunet Strikk til Tunet JoinUs "Ole Paus" Konsert	15 Alphakurs	16 Stillestund for ungdom Os kyrkje KRIK Os Aktiv Klubben	17	18 Os 11 FamilieKRIK Os Aktiv Aldri Åleine Pizza & Bibel
19 Speidaren	20 Open barnehage	21 Trim i Tunet Strikk til Tunet JoinUs	22 Senior-Koinonia SuperTorsdag	23 KRIK Os Aktiv	24 Misjonsbasar NMS	25 Os 11 NN 11
26 Speidaren	27 Open barnehage Seniortreff Nore Neset	28 Trim i Tunet Strikk til Tunet JoinUs	29 Alphakurs	30 Stillestund for ungdom Os kyrkje KRIK Os Aktiv Klubben	31	1 Os 10 + 11.15 NN minnegudsteneste 11 november Os minnegudsteneste 19
2 Speidaren	3 Open barnehage	4 Trim i Tunet Strikk til Tunet JoinUs	5 Senior-Koinonia SuperTorsdag	6 KRIK Os Aktiv	7	8 Os 11 NN 19
9 Speidaren	10 Open barnehage Seniortreff Nore Neset	11 Trim i Tunet Strikk til Tunet JoinUs	12 Alphakurs	13 Stillestund for ungdom Os kyrkje KRIK Os Aktiv Klubben	14 Lys Vaken Tunet / Os kyrkje	15 Os 11 FamilieKRIK Os Aktiv
16 Speidaren	17 Open barnehage	18 Trim i Tunet Strikk til Tunet JoinUs	19 Senior-Koinonia SuperTorsdag	20 KRIK Os Aktiv	21 Julemesse	22 Os 11 NN 11 Aldri Åleine Pizza & Bibel
23 Speidaren	24 Open barnehage Seniortreff Nore Neset kyrkje	25 Trim i Tunet Strikk til Tunet JoinUs	26 Alphakurs	27 Konsert Kleive & Reiersrud Os kyrkje KRIK Os Aktiv	28	29 1. søn i advent Søndagssamling Julekonsert Nore Neset Julekonsert Os kyrkje Os 11

Aktivitetane foregår i Tunet om ikkje anna er nemnt. Sjå nettsida kyrkja.no/os for eventuelle endringar, detaljar og påmelding!



Det viktigste stedet i Norge er Bjørnafjorden

Eiendomsmegler Vest og Sørmegleren er nå Eiendomsmegler Norge. Sammen skal vi bygge Norges beste eiendomsmegler.

Og for oss vil Norges viktigste stedet alltid være der vi jobber. Stedet der du bor.

Skal du selge eiendom? Kom innom kontoret vårt i Os sentrum.



Daniel Røksund
Tlf.: 938 26 432
daniel.roksund
@emvest.no



Arild Lothe
Tlf.: 412 66 620
arild.lothe
@emvest.no



Pål Huun Monsen
Tlf.: 952 65 865
pal.monsen
@emvest.no



emnorge.no

BYGGER ORGEL I STORSALEN

24. september skal skuleelevar frå Os bygge orgel i Tunet, og oppleve ein heilt ny teaterforestilling i Os kyrkje. Ein smakebit på dette spennande konseptet får ein òg på konserten med jazzbandet Baker Hansen i Tunet same kveld.

Konseptet er utarbeidd av Kyrjekultur Vest med støtte frå Kyrkjebevaringsfondet, og set fokus på kyrkja som kulturhistorisk bygg, med eit ekstra innblikk i orgelet. Os kyrkje er ei av arenaen som er fyrst ute for dette nytvika prosjektet.



Byggesettet elevane skal sette saman stammar frå det ned-erlandske konseptet "Doe-orgel". Her frå "Orgelkids" i Ankenes sokn i Nordland (Foto: Ankenes sokn)

Tenk om veggjar kunne prate! I kyrkja er det nesten som om veggane kviskrar historier til oss. Landet vårt er fullt av kyrkjer, og kvar av dei fortel sin unike historie. Kvifor er kyrkja plassert akkurat der ho står i dag? Har ho alltid stått der? Har ho alltid sett slik ut? Kven bygde henne? Kven jobbar der? Og kor mange har ho eigentleg husa, i sorg og glede?

I livets største augeblikk har kyrkja stått der, lytta, gitt rom for tru, tvil, tradisjonar og kanskje nokre løyndomar? I løpet av ein føremiddag skal inviterte skuleelevar på mellomtrinnet få vere med på både teater og bygging av eit lite pipeorgel. Same kveld kan publikum høyre meir om både teateret og orgelet, i samband med at jazzbandet Baker Hansen spelar konsert i Tunet.

Teaterframsyninga "Organisten"

Skodespelar og dramatiker Lina Taule Fjørtoft (biletet) utviklar i desse dagar eit heilt nytt teaterstykkje saman med meddramatikar og regissør Ingrid Askvik. Dette vert eit vandreteater der publikum i lag med karakteren Lillian, får bli betre kjent med kyrkjebygget, og ei (fiktiv) hending som hendte der på starten av 1900-talet. I gjennomgangen av dødsbuet til Lillians bestemor dukkar det opp ei mystisk eske med gamle skattar, notar og dagboknotatar. Det er fleire spor og koder som leier i retning Os kyrkje, men kvifor? Kva er samanhengen mellom denne kyrkja og Lillians familie? Held kyrkja framleis på nokre løyndomar som kan gje Lillian svar? Og kva er det eigentleg med denne organisten som stadig dukkar opp? I teateret vert publikum invitert med inn i Lillian sitt familiemysterium, og saman med henne tek dei aktivt del i oppgaveløysing,

kodekneking og kyrkjhistorie, på leit etter å forstå eit drama som har vore hemmeleg i over 100 år.

Orgelbygging

Elevane får òg vere med på konseptet "Orgelkids", eit kunnskap- og formidlingsprosjekt som tek for seg korleis ein kan bygge og spele på eit pipeorgel. Som eit puslespel skal elevane i fellesskap sette saman eit velfungerande, lite orgel ("Doe"-orgel/ "gjere"-orgel). Gjennom prosessen vert dei kjent med dei ulike komponentane som skal til for å lage ulike tonar av mekanisk rørsl. Byggeprosessen vert leia av den erfarne og kunnskapsrike organisten og orgelpedagogen Amund Dahlen, som brenn for å vidareføre kunnskap om orgelet til yngre generasjonar.

Med dette prosjektet inviterar Kyrjekultur Vest inn til ei leken og spanande utforsking av sjølve kyrkjerommet, og kyrkja som både kulturbærar, møteplass og arbeidsplass. Ved å la barn og unge ta aktiv del i å pusle saman både eit konkret orgel, og pusle saman kunnskap dei får gjennom å ta del i den kunstneriske utforskinga av kyrkjerommet, er ynsket at dei sjølv skal få kjenne på eigarskap til kyrkjebygget som kulturbærar, uavhengig av deira eiga bakgrunn og tru. Konseptet skal ut på ein lengre vestlandsturné til 1800-tals kyrkjer vår og haust 2027.

I tillegg til skuletilbodet på dagtid inneheld prosjektet eit opent kveldsarrangement. Hå oss blir dette slått saman med den planlagte konserten med jazzbandet Baker Hansen i Tunet. Skodespelar Lina Taule Fjørtoft saman med lokale gjestar skal sjå nærare på historia til både kyrkjebygget og orgelet i Os kyrkje. Arrangementet kombinerast med ein konsert av jazzbandet Baker Hansen, med dagleg leiar i Os sokn, Sigurd Rotvik Tunestveit, i spissen. Dei vil òg forsøke å innlemme det nybygde orgelet i musikken sin. Dette blir med andre ord ei samansett og spennande kulturoppleving som du ikkje vil gå glipp av - kom til Tunet torsdag 24. september klokka 19.00!



Lina Taule Fjørtoft

MUSIKK I KYRKJA

Os kyrkjelyd sitt musikkutval har sett saman eit spennande konsertprogram, der du kvar månad kan oppleve flott musikk i ei av våre kyrkjer eller i Storsalen i Tunet. I haust står både kyrkjemusikalske tungvektarar og lokale artistar på plakaten.

Der ikkje anna er nemnt, er det billettsal i døra som gjeld (Vaksen kr 200,- / honnør kr 150,- / student kr 100,- / born under 16 år gratis). Her finn du ein oversikt.



Irina Tarasova
Kantor
E-post: it698@kyrkja.no

August: «Små perler fra en stor verden»

Her inviterar songar Rikke Lina Sorell Matthiesen publikum med på ein vakker og variert musikalsk reise. Gjennom kvelden vil ho presentere ei rekkje kjente og kjære songar, i tillegg til nokre skjulte skattar frå ulike musikksjangrar.

Rikke Lina er ei allsidig sopran, songpedagog og kordirigent. Ho kjem frå Skien, men bur i dag på Nore Neset. Ho har utdanning i klassisk sang frå Universitetet i Stavanger, Griegakademiet i Bergen og Drury University i USA.

Som songar spenner ho breitt – frå solistoppdrag med kor, orkester og band, til roller i opera- og musikalproduksjonar. Til dagleg syng ho i Vokalensemblet Tabula Rasa, og underviser ved både Kongshaug Musikkgymnas og Carte Blanche. Dei siste åra har ho òg markert seg med eigne konsertkonsept for born og unge.

Onsdag 19. august kl. 18.00, Nore Neset kyrkje



Foto: Øyvind Toft



Foto: Morten Espeland

September: Baker Hansen - Chet Baker på norsk

Chet Baker si stemme og trompet definerte cooljazzen. Korleis let forteljingane hans på vårt eige morsmål?

Dagleg leiar i Os sokn Sigurd Rotvik Tunestveit har i lag med medmusikarane i Baker Hansen leita etter svaret på dette, og turnert landet rundt sidan 2010. Jazzklassikarane er tidlause og velkjente, sjølv om tekstane og musikken er omarbeidd til norsk notid. Med fire albumutgjevingar og fleire hundre konsertar har Baker Hansen etablert seg i Jazz-Noreg, og no kjem dei att til Tunet etter forrige suksess-konsert for eit par år sidan. Kom og opplev norsk jazz på sitt beste!

Denne kvelden står det òg eit nybygd pipeorgel i Storsalen i Tunet, etter prosjektet "Bygg, orgel, bygg" som du kan lesa om på side 19, og som blir kort presentert i samband med konserten. Skal tru om det kan spelast jazz på dét instrumentet òg? Kom og høyr!

Torsdag 24. september kl. 19.00, Tunet

*Sigurd Rotvik Tunestveit - song og gjendiktingar
Erling Skorpen - trompet
Kjetil Jerve - flygel
Stian Andreas Egeland Andersen - kontrabass
Tore Flatjord - trommer*

Oktober: «Ole Paus - en rusten stemme av gull»



Ole Paus er ikkje lenger blant oss. Den rustne og hese stemma som umiskjennelig var hans, og som vi høyrte gjennom 60 år, har stilna. Vi mista mykje då han døydde i adventstida 2023.

Stemma som kom med dei vakre orda som strauk oss som kjærteikn på vårt sinn. Men òg med dei skarpe sarkasmane, som skremte vettet av kjendisar, politikarar og storfolk med pengar og makt.

Og stemma som sette sitt merke på vår nasjons sorg etter 22. juli 2011 med sin vakre «Mitt lille land». Han greip oss sterkt.

Gunnar Wik vil presenterer Ole Paus, - hans tekstar, melodiar og ord, og følgjer hans liv frå trøblete barndom til siste avskil. Programmet er sett saman rundt eit tital av songane hans, både ukjende og dei vi kjenner.

Onsdag 14. oktober kl. 18.00, Tunet

*Gunnar Wik - gitar, song
Lasse Fjellbirkeland - bass
Ragnar «Raggen» Tesdal - piano*

November: Iver Kleive & Knut Reiersrud i Os kyrkje

I samarbeid med Bjørn jazz vil Os kyrkjelyd invitere deg til å oppleve magien når Kleive & Reiersrud fyller kyrkjerommet med mektige og nære tonar!

Foto: Espen Krogstad Kamstrup

Få kan spele orgel som Iver Kleive. Sidan 70-talet har han vore ein markant skikkelse i norsk musikkliv, både som komponist, solist og dirigent. I 2017 vart han utnemnt til ridder av St. Olavs Orden for sin innsats.

Knut Reiersrud har på same tid utvikla eit heilt eige uttrykk som gitarist og komponist, med ein imponerende katalog av innspelningar og samarbeid. Han er kjend for si evne til å fornye seg, og for å late ulike musikalske tradisjonar møtast.

Saman har desse to skapt musikk i ei årrekke, blant anna på albuma Blå Koral, Himmelskip og Natt i desember. Når Kleive og Reiersrud møtast i konsert er det alltid ei oppleving av sjeldan karakter. Vi ser fram til å oppleve samspelet mellom to av Norges verkeleg store musikarar – eit møte som garantert vil gje publikum ei konsertoppleving utanom det vanlege på veg inn i adventstida.



Informasjon om billettar til denne konserten vil bli lagt ut på nett, følg med!

Fredag 27. november kl. 18.00, Os kyrkje

VENNEVEKO

VENNEVEKO blir arrangert for åttande gong i år. Veit du kva det er, og vil du vera med å ta del?

Venneveko er eit lokalt initiativ som arrangerast i samarbeid mellom Bjørnafjorden kommune og kyrkja. I år er det veke 40 som er Venneveko. Venneveko blir også i år markert i samband med Verdsdagen for psykisk helse.

Verdsdagen for psykisk helse er ein internasjonal FN-dag som blir markert 10. oktober. Grunna haustferie i skulane våre markerer vi denne dagen lokalt veka før, altså veke 40. Temaet for denne dagen i 2026 er "Tillit er beredskap. #HverHandlingTeller". Den nasjonale kampanjen vil med dette mobilisere storsamfunnet til ein felles innsats for den psykiske folkehelsa. Mental Helse drifter og utviklar kampanjen med tilskot frå Helsedirektoratet.

Vi i kyrkja vil òg bidra til å styrke tilliten i våre små og store fellesskap. I møte med uro, frykt og skiljing er tillit ein av dei sterkaste motkreftene vi har. Venneveko er - som dei fleste andre av våre veker - fylt med gode møteplassar for menneske i alle aldrar og livssituasjonar, og inviterer til å finne tryggleik og tillit i fellesskapa våre.

Kva kan du bidra med?

I kyrkja sine fellesskap kan du bidra både fast og sporadisk til førebuing og gjennomføring. Det er berre å ta kontakt - og gjere det! Kommunen sender òg ei utfordring breitt ut til barnehagar, skular, eldresenter, sjukeheimar, næringsliv, frivillige lag- og organisasjonar og alle der heime om å ha eit spesielt fokus på inkludering, fellesskap og vennskap i løpet av Venneveko. Du kan vere med å gjere ein positiv skilnad for dei du har rundt deg. Klarer vi alle å sette fokus på dette temaet i Venneveko, kan vi skape noko sterkt saman!



i Os kyrkjelyd

Måndag 28. september
Speidaren

Tysdag 29. september
Open barnehage i Tunet
Seniortreff i Nore Neset kyrkje

Onsdag 30. september
Trim og strikkekafe i Tunet
JoinUs

Torsdag 1. oktober
Alphakurs-samling

Fredag 2. oktober
KRIK i Os Aktiv
Klubben i Tunet

Søndag 4. oktober
Gudsteneste i Os kyrkje

Dette er Kirkens SOS

- Døgnopen kriseteneste for alle
- Gratis og anonymt å ta kontakt på telefon 22 40 00 40 eller soschat.no
- Stort behov for nye frivillige

INGEN SKAL MÅTTE GÅ ÅLEINE MED TUNGE TANKAR

På hausten markerast Verdensdagen for psykisk helse og for selvmordsforebygging, og det vert sett fokus på korleis vi kan hjelpe oss sjølve og andre når livet er tungt. Men visste du at kyrkja allereie for 50 år sidan starta si eiga kriseteneste der frivillige er bærebjelken i arbeidet, og at denne tenesta framleis er landets største?

Ingen skal måtte gå åleine med tunge tankar. Det skal finnast eit menneske å snakke med for alle, alltid. Dette er grunntanken bak arbeidet til Kirkens SOS. Tenesta er anonym, gratis og døgnopen. Tema i samtalen avgjer den som tek kontakt. I tillit til at "menneske kan vere menneskets beste medisin", baserar Kirkens SOS tenesta på godt opplærte frivillige som tar imot dei som tar kontakt, enten det er på telefon, chat eller på anonym epost. Dagleg utgjer dette meir enn 400 samtalar. Vi veit at førebygging hjelper, og at våre medarbeidarar reddar liv.

Tok steget

Nyleg fullførte nye frivillige innføringskurs ved Kirkens SOS sitt senter i Bjørgvin. Dette ligg i Bergen, men ein kan også gjennomføre kurs og vakter digitalt. Ei av dei som no er i gang med det som før var ganske framand, er Margunn. Då ho vart pensjonist, ynskte ho å bruke tida på noko meningsfullt.



– Eg var redd for å havne i mistrivsel. Å slutte i jobb er ei svært stor omvelting. Etter nokre månader byrja eg å leite etter noko som kunne gje mening, fortel ho. Ho søkte seg til Kirkens SOS, utan tidlegare erfaringar frå psykisk helsearbeid.

– Før den første prøvevakta var eg skikkeleg nervøs. Eg måtte trekke pusten djupt og minne meg sjølv på at dette er vanlege menneske. Eg skal ikkje vere ekspert, berre eit medmenneske.

Før ho trykte på den grønne knappen og opna for samtalar, steig pulsen.

– Eg kjende det godt. Men det hjalp å vere saman med andre frå kurset, og å vite at eg ikkje stod åleine. Det viktigaste var ynskjet om å vere der for andre, seier Margunn. Dei første vaktene gjorde henne tryggare i rolla, og støtta frå både medfrivillige og tilsette gjorde det lettare å møte dei vanskelege samtalan.

– Det var godt å høyre at det ikkje er mitt ansvar kva som skjer etter samtalen. Mi oppgåve er å vere til stades der og då, å vere saman med den andre og å lytte. Å sleppe å vere åleine med tunge tankar, er viktig for oss alle og kan bety veldig mykje, legg ho til.

Folk takka meg

Etter første vakt sat mange kjensler i kroppen.

– Eg var så glad og fylt av energi då eg drog heim! Eg hadde samtalar der folk takka meg for at eg lytta. Det var akkurat slike augneblikk eg hadde håpa på, fortel Margunn.

Eit trygt fellesskap

Alle frivillige går gjennom eit grundig innføringskurs før dei startar i tenesta.

– Eg vart imponert over kor godt opplegget var. Vi fekk tid til å lære, øve og reflektere. Samtaleøvingane var spesielt verdifulle.

Er du ein å snakke med?

Behovet for nokon å snakke med aukar, og dessverre klarar ikkje Kirkens SOS å svare alle. Frå sine medarbeidarar høyrer Kirkens SOS at samtalan kan vere krevande, men også enklare enn du trur og viktigare enn ein anar. Kan dette vera noko for deg?

Les mer her: www.kirkens-sos.no/frivillig!

Tekst og foto: Kirkens SOS Bjørgvin



BØKER SOM UTVIDAR PERSPEKTIVET

Vi møter oppfordringa overalt: Les ei bok! Les høgt for barna! Oppmuntre dei unge til å ta fatt på ei leseoppleving! Vaksne i alle aldrar: Oppdag gleda ved å dykke ned i ein forfattar si forteljing. Forfattarar skriv, forlag gir ut nye bøker og bokhandlarar og bibliotek står klare til å formidle litteraturen. Bergen Kristne Bokhandel (BKB) er ein «nisje-bokhandel» i sentrum av Bergen, like bak Korskirken. Bokhandelen tek sikte på å formidle kristen litteratur til mangfaldet av kyrkjelydar i byen og omlandet.

Nadja Elisabeth Brennsæter som er dagleg leiar i BKB, kan fortelle at kyrkjelydar i Bergensområdet er gode kundar når det kjem til bøker som brukast i trusopplæring og undervisningstiltak. På ulike alderstrinn inviterast barn og unge til kyrkja med utdeling av ei bok og invitasjon til eit undervisningsopplegg. De fleste kyrkjelyder gir ut konfirmant-biblar som del av konfirmantåret. BKB har eit stort utval av biblar, også på ei rekkje språk i tillegg til norske og engelske. I fjor vart det selt heile 2250 biblar gjennom BKB. Bibelen er ein bestseljar! Fleire enn politiker-paret Mimir Kristjansson og Sofie Marhaug har teke fatt på «Bøkenes bok» i år, boka som har forma vår kultur og verdier i årtusener.

Spennande avdeling med ulike ikon.



Dagleg leiar i BKB
Nadja Elisabeth
Brennsæter framfor
hyllene med biblar.



Ei anbefaling

På spørsmål om anbefaling av ei ungdomsbok trekkjer Nadja fram boka «Sunnivas reise – Arven fra kelterne» av Håvard Sand og Sara Lepsøe. Den handlar om ein vanleg 15-åring som oppdagar at huset til morfaren hennar skjuler ei verd av løyndommar. «Om du likar Narnia, kjem du til å elske Sunnivas reise! Det er berre å gle seg til ein vanvittig god leseoppleving» - skriv ein kritkar. Ja, boka passer òg for vaksne.

Bokhandelen har eigen avdeling for barn og unge. Den har òg eit antikvariat for kristen litteratur, teologiske fagbøker, ikon og eit utval gjevprodukt.

Lenge var Bergen utan ein kristen bokhandel, men så kom nokon opp med ein god idé. Modellen som bokhandelen no drivast etter inneber at femten frivillige er involverte i drifta. I fjor feira BKB 10-årsjubileum, og kan vise til overskot på botnlinja.

Hjarteleg velkommen innom!

Tekst og foto: Helge Unneland



"FØLG MED LITT, DÅ!"

Meld deg på kyrkjelyden sitt vekefaste NYHEITSBREV
på kyrkja.no/os!



JULEMESSE

LAURDAG 21. NOVEMBER



Kom og bli med på ein dag med førjulshygge for store og små!
Alle inntekter går til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

VIL DU BIDRA?

Vi treng både medhjelparar, gevinster og fleire varar til salsmessa på julemessa!
Det vi har størst etterspurnad etter er bakst og syltetøy.

Kan du lage:

- Nokre fine posar med heimelaga julekaker (150-200g)?
- Nokre posar med heimelaga bakst (rundstykker, boller, lefser e.l.)?
- Nokre glas med heimelaga syltetøy?

Bidrag kan leverast på kyrjekontoret mellom
måndag 16. november og fredag 20. november.

Har du høve til å bidra eller lurar på noko, ta kontakt med oss!

HALD AV DATOEN!

Helsing Os sokneråd v/julemessekomiteen



Møte
Merkedag
Minnesamvær

Leig lokale i TUNET!

Informasjon og prisar får du ved
å ta kontakt på post.os@kyrkja.no
no eller telefon 56 57 24 00

Denne sida er ei betalt annonse for TUNET.

STØTT VÅRE ANNONSØRAR!



Os Gravferdsbyrå AS

Døgntelefon
56 57 49 50
Jorunn Moberg
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.
www.osgravferdsbyraa.no



DRANGE BRUK AS

Drangsvegen 345
5215 Lysekloster
Tlf. 56 57 00 50
post@drangebruk.no

GRAVMINNER
Stor salgsutstilling av nye monumenter
Tilføyer / Oppussing



STEINRIKET
EIKNER NATURSTEIN
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN
TLF. 55 98 70 00



OS REISEBYRÅ AS

Boks 274, 5203 Os
Tlf. 56304300
e-post: os@travelnet.no | **www.verden.no**



Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?
Ta kontakt med Geir Skarding:
Mob. 91129784

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no

DRENERING • MURING • SPRENGING



BOTNEVIK

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

KVALITET!
Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

PM Sælen & Co AS

Tlf. 56 30 44 90



JERNIA
www.jernia.no

OS HAGESERVICE

alt innen hage

Vi lager hageplan, murer, legger stein, lager plen og planter busker og trær.

56 57 66 77 99 00 80 80
www.oshageservice.no



Os kyrkjeblad trykkast i over 9000 eksemplar og sendast m.a. til alle heimar i Os.

Di annonse HER?

Informasjon og prisar:
post.os@kyrkja.no eller
telefon 56 57 24 00

Salmeskatten

Salme 314 - Alt står i Guds faderhånd

T.N.F.S. Grundtvig 1856 / M Ivar Widéen 1912

1 Alt står i Guds faderhånd, hva han vil, det gjør hans Ånd, av Guds nåde, til Guds ære evig glade skal vi være /: i vår Herres Jesu navn! :/

2 Visse på at arv og lønn har vi med Guds egen Sønn, av Guds nåde, til Guds ære evig glade skal vi være /: i vår Herres Jesu navn! :/

3 Felles om hans liv og fred, lys og kraft og herlighet, av Guds nåde, til Guds ære evig glade skal vi være /: i vår Herres Jesu navn! :/

Teksten til salmen "Alt står i Guds faderhånd" er skriven av danske Nikolaj Fredrik Severin Grundtvig i 1856. I salmeboka finn vi denne i kategorien "Guds omsorg". Faderhanda i opningslinja viser til at Gud er ein kjærleg og omsorgsfull far. Guds kjærleik og omsorg ber oss gjennom livet. Grundtvig gav salmen tittelen "Vorherres Glæde". Det er eit uttrykk frå Bibelen og viser til ei djup, indre andeleg glede og Guds kjærleik til menneska.

Salmen har tre strofer. I den fyrste strofa er Gud som Fader og hans omsorg for oss i fokus. I den andre strofa er Jesus i fokus. I den tredje strofa er fellesskapet om Jesus, kyrkjelyden i fokus. Jesus er vegen, sanninga og livet, Jesus er vår fred, Jesus er vårt ljøs, Jesus er vår kraft og herlegdom. Vi har fått del i alt ved nåden. Kvar strofe har same avslutning. Dei same tre linjene i kvar strofe er eit refreng med eit gledesbodskap. Gud er vår far, Jesus har opna vegen og vi får del i det av Guds nåde. Takk alltid vår Gud og Far for alle ting i namnet åt vår Herre Jesus Kristus (Ef 5, 20).

Det finst fleire melodiar til denne salmen. Grundtvig sjølv foreslo melodien til Deilig er den himmel blå. Melodien i den noverande norske salmeboka er komponert i 1912 av svenske Karl Ivar Nathanael Wideen.



Anna Cecilie Norlund Oksavik
Organist

Konfirmant 2027?

Velkomen til konfirmasjonstid i Os kyrkjelyd - Det er framleis mogleg å melde seg på!

I konfirmasjonstida får du lære mykje spennande om deg sjølv, om tru, om Gud og den verda vi er ein del av. Du kan òg glede deg til å bli del av eit inkluderande fellesskap!

For meir informasjon om konfirmantåret og påmelding, scan QR-koden!





Gro Helen Blindheim Skjælaaen
Kateket
os.konfirmant@kyrkja.no

Innsamla offergåver sidan 01.03.26

Dato	Takkoffer til	Beløp
01.03.2026	Misjonsprosjektet	kr 7 104,-
08.03.2026	De fire diakoninstitusjonene	kr 6 381,-
15.03.2026	Tunet	kr 7 284,-
22.03.2026	Kirkens Nødhjelp	kr 4 986,-
29.03.2026	Eigen kyrkjelyd	kr 4 853,-
02.04.2026	KFUK/M-Bjergvin	kr 2 542,-
03.04.2026	Kirkens SOS	kr 3 030,-
05.04.2026	Misjonsprosjektet	kr 11 828,-
06.04.2026	Eigen kyrkjelyd	kr 850,-
12.04.2026	Tunet	kr 7 282,-
19.04.2026	Indremisjonssamskipnaden	kr 4 007,-
26.04.2026	Den norske Misjonsallianse	kr 8 749,-
02.05. til		kr 41 751,-
10.05.2026	Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden	
14.05.2026	NMS-ungdom	kr 6 109,-
17.05.2026	Sjømannskirken	kr 3 631,-
24.05.2026	Misjonsprosjektet	kr 7 233,-
25.05.2026	Eigen kyrkjelyd	kr 1 986,-
31.05.2026	Garden of Eden Kenya	kr 5 816,-
07.06.2026	Tunet	kr 4 008,-
14.06.2026	Eigen kyrkjelyd	kr 9 995,-
18.06.2026	Skeivt kristent nettverk	kr 6 598,-
21.06.2026	MF - Det Teologiske Menighetsfakultet	kr 3 108,-
28.06.2026	Det Norske Misjonsselskap	kr 8 358,-
05.07.2026	Bibelskolen på Bildøy	kr 3 177,-
12.07.2026	Eigen kyrkjelyd	kr 3 355,-
19.07.2026	Misjonsprosjektet	kr 2 884,-
26.07.2026	Tunet	kr 6 187,-

Takk for at du gir!



Barnas

Finn 5 feil

Desse to bilda er nesten heilt like. Greier du å finne 5 feil på bildet under?



Teikning: Aleksei Bitskof



Ordsøk

I rutenettet gøymmer det seg 10 land. Leit bortover og nedover. Greier du å finne alle?


S	V	D	E	Y	L	F	B	Z	E
V	Z	A	V	K	F	R	E	P	T
E	N	N	X	C	I	A	L	K	Y
I	D	M	L	N	N	N	G	I	S
T	Z	A	K	O	L	K	I	T	K
S	I	R	L	R	A	R	A	A	L
V	N	K	U	G	N	I	K	L	A
Q	L	D	T	E	D	K	C	I	N
S	V	E	R	I	G	E	P	A	D
Y	P	S	E	N	G	L	A	N	D

Labyrint



Teikningar:
Chiara Bertelli

Filip fortalde om Jesus til mange som han møtte. Ein av dei han møtte var ein etiopisk hoffmann. Hjelp Filip med å finne vegen.



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

Vitsar:

- Hunden min har ingen nase.
- Korleis luktar han, då?
- Forferdeleg.

Kva for ein hage skal ikkje vatnast? Barnehaugen!

Frå soknerådet

TUNET - EIT VIKTIG BYGG FOR FELLESSKAPET!



Visste du at det i år er 37 år sidan Tunet kyrkje- og kultursenter opna dørene for fyrste gong? Sidan den tid har Tunet fungert som sjølv hjartet og «hub-en» for det yrande kyrkjelydslivet vårt her i Os. Frå babysong til seniortreff, og som base for det flotte ungdomsarbeidet vårt – Tunet rommar alle generasjonar.

Nettopp fordi dette bygget betyr så mykje for lokalsamfunnet, er forvaltinga av Tunet ei sak som skaper eit heilt særskilt engasjement i soknerådet. Dette er eit tema som verkeleg set preg på møta våre, der gode diskusjonar og eit felles ynskje om å sikra framtida til bygget samlar oss.

Viktige saker på agendaen

Tida set sine spor, og ei av dei aller viktigaste oppgåvene våre er å sørgja for at bygget vert halde i god stand. Vi jobbar no aktivt med store og nødvendige vedlikehaldsprosjekt for å sikra at bygget kan halda fram med å vera eit trygt, varmt og funksjonelt samlingspunkt i tiår framover.

Blant dei store sakene vi arbeidar med no, er takutbe-tring og løysing for vassavleiing, vindauge og kledning på fleire gavlvegger, og oppdatering av ventilasjonsanlegg. Å forvalta eit bygg frå 1989 krev grundig planlegging og økonomiske prioriteringar. Det er eit omfattande arbeid, men når vi sit rundt møtebordet i soknerådet, er det med stor motivasjon og glød. Vi veit nemleg nøyaktig kor mykje dette huset betyr for kvardagen til folk i soknet vårt.

Takk til alle som fyller Tunet med liv kvar einaste veke – vi i soknerådet lovar å halda fram det engasjerte arbeidet med å ta vare på huset vårt!

Vil du vera med på laget?

Arbeidet med Tunet viser berre litt av kor spennande og givande det er å sitja i soknerådet. Her får du vera med på å forma lokalsamfunnet vårt og ta avgjerder som faktisk betyr noko. I 2027 er det kyrkjeval (parallelt med kom-mune- og fylkestingsval), og vi har bruk for menneske med ulike erfaringar som har lyst til å gjera ein forskjell. Har du lyst på eit meningsfullt verv der du verkeleg kan setja spor etter deg? Då håpar vi du vil vurdere å stilla til val – eller tipsa oss om ein god kandidat!

Nestleiar i Os sokneråd,
Espen H. Haga

Kjære lesar!

Har du bladd heilt hit, er du kanskje interessert i ei aktiv og levande kyrkje for alle i Os?

Kan hende er du blant dei mange som bidreg, anten praktisk eller økonomisk, til kyrkjelyden sitt arbeid allereie?

Hugs at du får **skattefrådrag** for gåver inntil 25.000 kroner i året til gode formål. Teiknar du deg som **fast gjevar** blir dette automatisk registrert om du oppgir personinformasjon. Alt kan **administrerast på Vipps!**

Bli med å byggje lokalkyrkja ved å gje ei gåve eller bli fast gjevar til Os kyrkjelyd - det kjem mange til gode!



Scann QR-koden eller besøk kyrkja.no/os for å lesa meir!

FRÅ KYRKJEBØKENE



Døyppte

Velkommen i
kyrkjelyden!

15. mars 2026

Ulrik Holthe-Larsen
Håkon Eide Viskedal

19. mars 2026

Henrik Einemo Thuen
Ava Gjerde Sunde
Jonathan Vikne Hjelmervik
Mina Østgulen
Kristian Lyssand

22. mars 2026

Brage Røttingen Eide
Josefine Fimreite-Gustavsen
Magnus Bauge Samdal Aga

5. april 2026

Kaia Tøsdal Karlsen
Gustav Teodor Rønnestad Olden
Theodor Eide Kallevik

19. april 2026

Matheo Figueiredo Walden
Odeanna Godø Byrkjeland
Noah Skjelde Wasson
Eivor Godtfredsen
Mia Oasan Markhus

23. april 2026

Magnus Eidem Sandvik

26. april 2026

Tyr Furnes Samuelsen
Oda Knarvik
Hedda Sognnæs Austvik
Hedvig Rogdaberg

24. mai 2026

Alette Låte Ramsøy
Ebbe Aga Thuen
Alicia Halhjem Sylte

25. mai 2026

Matheo Sjurseth
Lilly Thuen Balland
Jens Johannessen

25. mai 2026

Matheo Sjurseth
Lilly Thuen Balland
Jens Johannessen

31. mai 2026

Margunn Seim Benjaminsen
Amine Myrhol Røen
Alfred Teigen Nilsen
Ingrid Sofie Skoglund Hovland (Bømlo)

5. juni 2026

Sofie Skogedal

7. juni 2026

Eloisa Maria Hagen
Severin Bruarøy
Ludvig Dyrøy Gauteplass
Gustav Haugland Garlid
Alma Haugland Rabben
Helle Halhjem Eide
Alvin Koldal Sælen
Mikkel Moldskred Oppermann
Aurora Kleivane
Håkon Reed-Larsen
Julian Håvardstun Kvittingen

21. juni 2026

Gabriel Strønen Bruarøy
Emil Sæle Nybø
Mathilde Tolleshaug Rolland

28. juni 2026

Elise Osvoll Hollenstein
Tobias Georg Brekke Engesæth
Eline Haugland Fauske

5. juli 2026

Jonas Øvereng Sivertsen
William Hagevik Eri
Dina Håvik Bjørge

12. juli 2026

Atle Ågotnes Hitland
Louisa Berly Henriksen Myhre

26. juli 2026

Mio Berentsen-Skuterud
Theodor Waage Johnsen



Vigde

Gratulerer med
kjærleiken!

28. mars 2026

Iselin Haukeland & Benjamin Godø Mulelid

18. april 2026

Jane Arndt Jensen & Helge Pedersen

23. mai 2026

Gunnar Gangstø & Liv Reidun Henriksen Hansen
Stian Karlsen & Anita Petrin Støyva

30. mai 2026

Maren Therese Andersen & Christer Furre Andersen
Charlotte Eide Mjelde & Steffen Skjeie

6. juni 2026

Ana Patricia & Christer Sørstrønen-Vevatne

13. juni 2026

Ole Andreas Pettersen & Stine Linn Malmedal
Thomas & Siw Hanne Mikalsen-Lunde
Solveig Aalstad Jonasson & Thomas Anthun Nielsen

20. juni 2026

Lise-Marten Scheie & Daniel Gjerstad
Karin Margit Øvreeide Mjelde & Jarle Øvreeide
Lena Lekven Ellefseth & Erlend Bøyum Budal

27. juni 2026

Anne Kari Dale Årvik & Andreas Årvik
Lars Agnar Nordstrønen & Maja Holen

4. juli 2026

Kristine Aakre Herland & Tim Rene Herland

18. juli 2026

Sara Helene Kjærgaard Rolland & Steffen Greve Rolland
Teodor Haugland & Olivia Konstanse Aglen
Gunnar Sognefest & Sylwia Malgorzata Grochowiak

25. juli 2026

Daniel Haugeland & Agnes Bjarnedatter Vangsnes

Døde

Nelly Øvredal
31.10.1930 10.03.2026

Reidun Margrethe Gjerde
30.05.1959 12.03.2026

Ragnhild Lothe
25.08.1944 19.03.2026

Trygve Hilmar Nesse
01.05.1926 19.03.2026

Jan Tangerås
26.08.1948 20.03.2026

Reidar Matre
21.01.1942 22.03.2026

Ruth Elisabeth Orrebakken
03.07.1930 25.03.2026

Vibeke Lorentzen
03.10.1947 28.03.2026

Tore Grindevoll
27.10.1952 28.03.2026

Anders Hauge
12.04.1936 29.03.2026

Jonvald Øvreeide
24.01.1939 03.04.2026

Henny Solveig Leegaard Tvedt
09.12.1935 04.04.2026

Arne Lepsøy
12.10.1924 05.04.2026

Ole Johan Østgulen
13.12.1942 07.04.2026

Olav Atle Mitsen
20.05.1943 10.04.2026

Aagoth Kristine Lepsøy
24.01.1933 10.04.2026

Inger Karin Vassenden
25.09.1936 12.04.2026

Hans Tysseland
11.11.1925 18.04.2026

Magnus Haugland
12.09.1937 18.04.2026

Helge Hunhammer
07.01.1952 23.04.2026

Kjellaug Fjellvang
05.03.1941 27.04.2026

Geir Rognsvåg
30.01.1954 27.04.2026

Erna Oline Irgens-Hagevik
01.12.1940 28.04.2026

Torill Ø. Koldal
14.09.1946 28.04.2026

Bjørn Oscar Øvrebø
05.07.1950 03.05.2026

Anna Marie Ulvedal
02.08.1937 04.05.2026

Arnveig Turid Oltedal Sivertsen
10.11.1947 04.05.2026

Lars Skorpen
16.03.1945 04.05.2026

Tore Asphaug Søviknes
09.03.1962 07.05.2026

Bård Bjerkås
05.12.1945 08.05.2026

Marit Bøe
20.12.1950 08.05.2026

Per Kristian Grindevoll
22.08.1942 20.05.2026

Sigrid Thue Pedersen
06.05.1947 20.05.2026

Gjord Berg
05.05.1972 30.05.2026

Arne Kolbjørn Grøndal
11.03.1934 30.05.2026

Signy Bugge
14.02.1943 31.05.2026

Ingrid Hetleflåt
05.06.1938 02.06.2026

Ove Magdalon Tumyr
12.01.1944 03.06.2026

Bjørn Hagevik
15.11.1953 12.06.2026

Njål Eidhammer
29.04.1943 19.06.2026

Hjørdis Emilie Juvik
13.03.1943 23.06.2026

Johnny Heimtun
27.10.1956 26.06.2026

Tore Aase
01.01.1947 27.06.2026

Liv Rønning
26.06.1941 27.06.2026

Bjarne Nikolai Haugstveit
31.12.1936 08.07.2026

Anne Elisabet Røttingen
25.10.1957 10.07.2026

Øystein Heggland
04.01.1945 12.07.2026

Truls Ivar Leegaard Tvedt
20.04.1967 16.07.2026

Kristen Johan Hatlem
17.11.1950 18.07.2026

Inglaug Orrebakken
01.05.1934 23.07.2026



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd

Sokneprest

Roar Hallesby Evjedal
Tlf: 934 42 968 | E-post: re674@kyrkja.no

Kapellan

Jostein Enger
Tlf: 975 01 273 | E-post: je886@kyrkja.no

Kapellan

Erlend Fauskanger

Dagleg leiar

Sigurd Rotvik Tunestveit
Tlf: 938 69 109 | E-post: st575@kyrkja.no

Kyrkjevevje Bjørnafjorden

Jon Håkon Øen | jo633@kyrkja.no

Kantor

Irina Tarasova
E-post: it698@kyrkja.no

Organist

Anna Cecilie Norlund Oksavik
E-post: an785@kyrkja.no

Konsulent - økonomi/gravplassforvaltning

Monica Refsdahl
Tlf: 456 52 830 | E-post: mr346@kyrkja.no

Konsulent/Frivilligkoordinator (permisjon)

Ine Sofie Moen

Kateket

Gro Helen Blindheim Skjælaaen
Tlf: 452 78 575 | E-post: gs234@kyrkja.no

Kyrkjelydsarbeidar, born og familær

Sylvi Lundgren
Tlf: 475 04 327 | E-post: sl828@kyrkja.no

Trusopplæringsmedarbeidar

Kristine Fjeld
Tlf: 414 26 859 | E-post: kf253@kyrkja.no

Ungdomsleiar

Harald Skoglund Dahler
Tlf: 482 61 164 | E-post: hd973@kyrkja.no

Prosjektarbeidar, "Opne møteplassar"

Idun Fjeld
Tlf: 482 66 376 | E-post: if594@kyrkja.no

Driftsleiar

Kenneth Molland
E-post: km893@kyrkja.no

Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar

Agnar Midtsæter
Lars Joar Hilleren
Linn Kjerstin Østgulen
Marius Dale Romslo
Terje Rød

Kyrkjegardsarbeidar

Marianne Tveit
Øyvind Dreyer

Kyrkjetenar

Marie Hallesby Evjedal



6.klassing? Bli med på

LYS VAKEN

i Os kyrkje laurdag 14. november!

LYS-EKSPERIMENT

IS-BAR

RANGLEGUDSTENESTE

GLOWSTICK-KONKURRANSE

PIZZA OG BRUS

BINGO MED FINE PREMIAR

Følg med på nettsidene for påmelding!

Os kyrkje

23.08.2026	11:00	Gudsteneste
30.08.2026	11:00	Gudsteneste
06.09.2026	10:00	Dåpsgudsteneste
	11:15	Gudsteneste
13.09.2026	11:00	Familiegudsteneste
20.09.2026	11:00	Gudsteneste
27.09.2026	10:00	Dåpsgudsteneste
	11:15	Gudsteneste
04.10.2026	11:00	Søndagssamlingsgudsteneste
18.10.2026	11:00	Gudsteneste m/Kongshaug
25.10.2026	11:00	Gudsteneste
01.11.2026	10:00	Dåpsgudsteneste
	11:15	Gudsteneste
	19:00	Minnegudsteneste
08.11.2026	11:00	Familiegudsteneste
15.11.2026	11:00	Gudsteneste
22.11.2026	11:00	Gudsteneste
29.11.2026	11:00	Familiegudsteneste m/Speidaren
06.12.2026	11:00	Gudsteneste

Nore Neset kyrkje

30.08.2026	11:00	Familiegudsteneste
06.09.2026	19:00	Forbønsgudsteneste
20.09.2026	11:00	Gudsteneste
27.09.2026	11:00	Familiegudsteneste (Messy Church)
11.10.2026	11:00	Gudsteneste
01.11.2026	11:00	Minnegudsteneste
08.11.2026	19:00	Kveldsgudsteneste
22.11.2026	11:00	Familiegudsteneste (Messy Church)
13.12.2026	11:00	Familiegudsteneste (Messy Church)

Hald deg oppdatert på
kyrkja.no/os

Følg oss gjerne på Facebook:
Os kyrkjelyd